



PARTNERSKAPSAVTALE

MELLOM

ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE

OG

PRO - OPPLÆRINGSKONTORET

INNLEIING

Kunnskap og kompetanse blir stadig viktigare for å utvikle eit livskraftig lokalsamfunn. Busetting og næringsutvikling i regionane vil i stadig større grad vere avhengig av tilgang på kompetanse og relevant utdanning. Dette gjeld både vidaregåande opplæring og utdanning på høgare nivå. Gode offentlege tenestetilbod og eit konkurransedyktig næringsliv er ein føresetnad for positiv utvikling. For å vidareutvikle lokalsamfunnet må skule, næringsliv og lokalsamfunn samarbeide for å utvikle skulane som lokale ressurs- og kompetansesentra i nært samspel med lokalmiljø og næringsliv der ein stimulerer til samfunnsengasjement, entreprenørskap, næringsutvikling og livslang læring.

Avtalepartnar

Dei vidaregåande skulane og grunnskulane i Førde ønskjer å inngå samarbeid for felles beste. Vi ser at det er tenleg å etablere fast samarbeid gjennom ein gjensidig partnerskapsavtale.

MÅL

Avtalepartnarane vil samarbeide om prosjekt der alle partar har felles interesser.

- ✓ bygge opp samhandlingskompetanse.
- ✓ gjensidig styrking og utvikling av kompetanse.
- ✓ utnytting av felles ressursar der det er mogleg.
- ✓ arbeide for utvikling av samarbeid mellom skule, næringsliv, kommune og lokalsamfunn.

Dei vidaregåande skulane /grunnskulane i Førde vil :

- ✓ styrke sine posisjonar som lokale kompetansesenter.
- ✓ tilby fagtilbod som lokalt næringsliv og forvaltning har behov for.
- ✓ sikre lokalrekruttering av arbeidskraft med fagleg høg kompetanse.
- ✓ arbeide for at elevane si faglege og sosiale utvikling står i sentrum.
- ✓ arbeide for sambruk av skulane sine lokale, utstyr og kompetanse.
- ✓ arbeide for nyvinning og regional utvikling.
- ✓ arbeide for samhandling mellom skule, næringsliv, kommune og lokalsamfunn.
- ✓ leggje til rette for at ungdom skal få best mogleg grunnlag for å finne det attraktivt å etablere seg i indre Sunnfjord.

PARTNERSKAPSAVTALE

Øyrane Vidaregåande skule inngår med dette Partnerskap med **PRO-opplæringskontoret** Avtalen inneber at partnarane har lagt opp et fast samarbeid, i den hensikt å gje elevane/studentane større innsikt i arbeids- og næringslivsspørsmål. Samarbeidet skal konkretisere arbeids- og næringslivstema i skulen sine læreplanar og verksemdsplanar. Målsetjinga er å gje elevane/studentane ei forståing av næringslivet sin rolle som verdiskapar og eit bedre grunnlag for å gjere realistiske yrkes- og utdanningsval. Partnarane innarbeidar avtalen i sine planer og har en jevnleg dialog for å evaluere, forbedre og vidareutvikle samarbeidet.

Avtalen gjeld frå 01.01.07 til 01.01.10 Etter dette skal avtalen gjerast til gjenstand for revisjon.

Partnerskapet inneber :


- Representantar for bedrifta deltek i undervisninga på skulen
- Opplagg for bedriftsbesøk
- Prosjektarbeid for elevar/studentar
- Utplassingsordning for elevar/studentar
- Hospitering for lærarar
- Lærardeltaking på interne kurs i bedrifta
- Mentor frå bedrifta i elev / ungdoms / studentbedrift
- Nettverksmøter/evalueringsmøter

Kort spesifikasjon av innhaldet i partnerskapet: (kan spesifiserast nærare i vedlegg til avtalen)

Gjennom denne avtalen vil vi sikre at elevar i faget "prosjekt til fordjuping" ved VG1 Teknikk og industriell produksjon ved Øyrane vidaregåande skule får tilgang til bedrifter som sorterer under PRO-opplæringskontoret i Sogn og Fjordane. Denne avtalen kan omfatte alle punkta som er kryss av ovanfor. Skulen må imidlertid inngå avtale med kvar einskild bedrift når det gjeld omfang og praktisk gjennomføring. Partnerskapsavtalen omfattar også at elevar og lærarar ved Øyrane vidaregåande skule avd. TIP tek i bruk "Den store energiboksen" frå Hydro i opplæringa. Dersom Øyrane vidaregåande skule i denne avtaleperioden vil få tildelt linja VG2 Prosess og kjemifag vil denne avtalen utvidast til også å gjelde desse elevane.


Førde 01.12.06

Jorunn Eide Kirketeig




Dagleg leiar bedrift

Magne Sellevold



Avdelingsleiar skule

Randi Faugstad



Rektor